

Ei døyvande stille har lagt seg over Europa

Skal no utsvelting verta Europas nye strategi for å stogga flyktningstraumen hit til kontinentet? spør Oddny Miljeteig.
v/Oddny I. Miljeteig, spaltist i BA

Kor lenge skal Noreg vera blant dei som teier bom stilt om barbariet medan vi som turistar smør oss inn med eit nytt lag med solkrem?

MENINGER

Dette er et debattinnlegg. Innlegget gir uttrykk for skribentens holdninger.

Eg har ikkje vore så mange gongar i det vi nemner «Syden». Men eg har vore på Mallorca og i Italia og i Hellas og eg har vitja syskenbarnet mitt i Puerto Rico på Kanariøyane. Dessutan var eg på Interrail to gongar i unge år. Fyrste gongen for barndomsvenninne Liv og eg over heile, halve Europa på ein liten månad.

Det var den gongen det framleis var Tito som styrte i Jugoslavia, og dei hadde både Tito-is og Tito-cola som slett ikkje var av vestleg merke og substans.

Då eg var fyrste gongen hos syskenbarn Else i Puerto Rico, såg vi slep med flyktningebåtar somme morgonar. Turistar frå nord og flyktningar frå sør møttest på ein måte i varmare land. Vi frå det rike nord var der frivillig og hadde pengar til det. Flyktningane kom av naud og opplevde ikkje anna val enn å setja seg i skrøpelege farkostar ein nordmann aldri ville ha sett sine bein i.

Vi har jo høyrte og sett mykje om flyktningsskipa som prøver å nå Europa og nådelause agentar som stappar båtane fulle og deler ut jukselivvestar. Liv er ingenting verd for dei som berre har fortene for auga og aldri har stava ordet menneskeverd.

Så mykje betre stelt er det ikkje i Europa her vi har bygd Schengen som ei borg mot utanforståande og der piggrådgerda for lengst har reist seg sør i Europa.

For ei veke sidan gjekk det ned eit skip med flyktningar utanfor Peloponnes i Middelhavet. Truleg var det 750 menneske om bord. Meir enn 500 av dei drukna – fordi Europa demonstrerer gong på gong at ikkje alle liv har same verdi. I båten som gjekk ned for nokre dagar sidan, var lasterommet fullt av kvinner og born. «Forlis» heiter det visst.

Vel, båtane går ned av di det er nådelause agentar på eine sida av havet og like nådelause styresmakter på Europa-sida. Det er visst ikkje legitimt nok å flykta frå Afghanistan, Syria og Kongo, for å nemna eit fåtal av landa. Når vurderte forresten du sist å reisa på ferie til Afghanistan? Ikkje du heller, nei.

Noreg har forresten lenge frårådd å reisa til Afghanistan. Men ikkje eingong flyktande afghanske kvinner får opphald i Noreg, sjølv om dei bur i eitt av verdas

absolutt verste land for kvinner. Taliban skrur kvinners livsvilkår til som med tommeskrue. Det er i sanning skilnad på oss og dei.

Det siste nye på asylfronten i Noreg er at Arbeidarpartiet og Senterpartiet no gjer slutt på den tusenårige kyrkjefreden og meiner det skal vera slutt på kyrkjeasyl. Kvar skal då den ytste utpost for tryggleik vera når ikkje eingong kyrkjeromma skal vera heilage og trygge for fredlause?

Lesvos er ei av dei greske øyane der flyktningar frå hi sida av havet strandar. Eg har ikkje vore der, heller ikkje i ungdommen, men både då og nyleg har eg vore på Santorini som ikkje ligg så grueleg langt frå Lesvos. Lesvos er ei illgjeten flyktninghamn, og Moria-leiren har gjeve nokon kvar av oss kvalme og vond smak i munnen.

For stutt sidan gjorde greske styresmakter vedtak om at dei som bur i flyktningleiren på Lesvos og har fått svar på asylsøknaden sin – dei skal ikkje lenger få utdelt mat. Og det gjeld sameleis for både dei som har fått positivt svar som dei som har fått negativt svar. Ei slags forskrudd rettferd, og det er forskrudd som er det meiningsberande her. Over natta sette greske styresmakter matrasjonane til null for dei som stod bakarst i køen. Dei måtte gå svoltne attende til telta dei budde i. Ein tredel av dei er born, har eg lese.

Skal no utsvelting verta Europas nye strategi for å stogga flyktningstraumen hit til kontinentet? For litt sidan skreiv eg ei spalte om USA sin nådelause blokade av Cuba som er med på å føra til den ytste fattigdom og faktisk svolt for innbyggjarane i landet som hyser den amerikanske Guantánamo-basen.

Eg har faktisk tenkt at så galne er vi ikkje her i Europa, og for den del er eg skuffa over Joe Biden også. Det er ulovleg etter internasjonale forordningar å nytta utsvelting av sivile som våpen, sjølv i krig. Sjølv i krig. Men er det slik at Europa driv ein krig mot flyktningane? Ikkje ein tradisjonell krig, sjølv sagt, men nokon human strategi er det ikkje som møter flyktningane. Ikkje dei som druknar på veggen av di Europa ikkje syter for nok bergingsskip, og ikkje dei som greier å kara seg til land.

Frivillige hjelpearbeidarar, som har spela ei viktig rolle i flyktningmottaket på greske øyar, dei risikerer no 25 års fengsel for å hjelpa. Det er meir enn straffa for drap i Noreg. I Hellas risikerer ein no 25 års fengsel for å berga, ikkje ta liv!

Moria-leiren på Lesvos brann. Det som har kome etter, det er verre. Leirane er lukka senter der det står væpna vakter ved inngangen. Alle må gå gjennom metalldetektor. På havet utanfor stoppar den greske kystvakta åtte av ti båtar med flyktningar. Og ja, dei er flyktningar. Nei, dei er ikkje migrantar, men somme prøver å skjønne måla det å vera flyktning.

Somme flyktningar vert tvangssnudde, sette på ustabile gummiflåtar og taua attende til tyrkisk farvatn. Så då lit Europa på Erdogan, altså? Norske styresmakter yter tilskot til både flyktningleirane og andre sider ved «flyktningproblemet» i Hellas.

Så vidt eg veit, stiller ikkje norske styresmakter eit einaste krav for korleis dette arbeidet skal utførast. Ikkje EU heller.

Ei døyvande stille har lagt seg over Europa. Og no startar sommarferien og dei store turiststraumane til «Syden». Det er berre det at det som for somme av oss er ferieparadis, det er for andre eit reint helvete.

Kor lenge skal Noreg vera blant dei som teier bom stilt om barbariet medan vi som turistar smør oss inn med eit nytt lag med solkrem?

21.06.23 09:29